

Barne-, likestillings- og  
inkluderingsdepartementet  
Postboks 8036 Dep  
0030 Oslo

## Høyring - forslag til endringar i forskrift om fosterheim (tilsyn med barn i fosterheim) m.v

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser til høyringsnotat av 4.oktober 2013, og har følgjande innspel i høyringa:

- ◆ Det er bra at tilsyn med barn i fosterheim vert meir profesjonalisert. Det er ulike erfaringar med tilsynsordninga slik den er i dag, og det er vanskeleg for kommunane å rekruttere eigna tilsynsførarar som kan ha oppdraget over tid.
- ◆ Forskrifta seier ikkje noko om kven i fosterheimskommunen som skal utføre tilsynet. I små kommunar kan dette medføre at den/dei som skal føre tilsyn får ei dobbeltrolle i høve barnet. Fylkesmannen ønskjer ei tydeleggjering av korleis kommunen skal sikre at tilsynet vert tilstrekkeleg uavhengig av barnevernstenesta og fosterforeldra.
- ◆ Det er ønskeleg med tydelegare retningslinjer på korleis ein skal sikre at personar som skal utøve tilsynet er eigna og får nødvendig opplæring. Det same gjeld korleis ein veit at formålet med tilsynet er godt nok oppfylt. For at Fylkesmannen skal gje rettleiing og føre tilsyn med kommunane på dette området, er det ønskeleg med tydelegare svar på dette i forskrift, i merknader til forskrift eller i rundskriv/rettleiar.
- ◆ Fylkesmannen ønskjer ei konkretisering av korleis ein vil sikre kontinuitet og nærheit mellom den som fører tilsyn og barn i fosterheim, då barn i fosterheimar treng tid for å få tillit til og kunne ta opp eventuelle problem med tilsynspersonen.
- ◆ Endring i forskrift gjer at krav til kvalitet i tilsynsrapporten vert styrka. Det kan gjere det lettare å følgje opp barn i fosterheimen over tid. Det er viktig at både fosterheimskommunen og omsorgskommunen får eit sterkare ansvar for å følgje opp rapport etter tilsyn.
- ◆ Fylkesmannen har fått spørsmål frå kommunale barnevernstenester om kommuneleiinga er klar over endringane i tilsynsordninga. Det er viktig at kommuneleiinga vert gjort merksam på overføring av ansvar frå barnevernstenesta til kommunen, og at kommunen får nok tid til å bygge opp ei forsvarleg tilsynsordning.

Med helsing

Per Stensland  
avdelingsdirektør

Hanne Sæbø  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*